VEDLEGG A

KRAVSPESIFIKASJON

1. GENERELT

Vestland fylkeskommune (VLFK, under her Skyss), Bybanen AS og Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA) (samla omtalt som «Oppdragsgjevar») har behov for rammeavtalar for kjøp av konsulenttenester knytt til bistand innan offentlege innkjøp.

Bybanen Utbygging (BU) er ein del av Vestland fylkeskommune og har eigen rammeavtale på områda. BU kan likevel nytte desse rammeavtalene dersom det oppstår interessekonfliktar eller kapasitetsutfordringar hjå deira leverandørar.

Rammeavtalen er oppdelt i tre delkontrakter. Dersom oppdrag omhandlar fleire fagområde, vil avrop bli gjort i den delkontrakten som hovudproblemstillinga fell innanfor. Oppdragsgjevar avgjer dette ved skjøn.

Delkontraktane gjeld dei tenestene som er etterspurt i Vedlegg A Kravspesifikasjon og i Vedlegg C Prisskjema.

Oppdragsgjevar tek atterhald om å kunne kjøpe tenester utanfor rammeavtalane ved behov for særskilt spisskompetanse innan bestemte fagområde.

2. OMFANG

Det vil bli inngått tre rammeavtaler med ein til to leverandørar per rammeavtale, dersom det kjem inn eit tilstrekkeleg tal eigna tilbod. Oppdrag vil bli fordelte mellom leverandørane i samsvar med fordelingsmekanismen som er skildra i rammeavtalene. Rammeavtalene har ei varigheit på to (2) år. Oppdragsgjevar kan forlengje avtalen med eitt (1) år om gongen, inntil to (2) gonger. Maksimal avtaleperiode er fire (4) år.

For avrop er hovudregelen at oppdraget blir tildelt etter rangert rekkjefølgje. Sjå punkt 3.2 i avtaledokumentet for nærare informasjon.

Verdien av anskaffinga er estimert til 10 millionar kroner ekskl. mva. per år.

Estimatet er basert på statistikk, opplysningar frå noverande leverandørar og oppdragsgjevar sine eigne økonomidata. Det er usikkert kor stort omfang avtalen vil få, og volumet kan variere mellom anna som følgje av budsjettmessige forhold og endringar i aktivitetsnivået til oppdragsgjevar.

Maksimal verdi for rammeavtalen er 80 millionar kroner ekskl. mva. over fire år.

2.1 Om delkontraktane

Oppdragsgjevar ønskjer å inngå tre delkontraktar med ein til to leverandørar, som har ein hovudleverandør (leverandør nr. 1) og ein sekundær leverandør (leverandør nr. 2) per delkontrakt.

Leverandør nr. 2 kan nyttast der:

- hovudleverandør ikkje har kapasitet eller
- hovudleverandør er i interessekonflikt.
- oppdragsgjevar har i tillegg rett til å nytte leverandør 2 inntil omlag 20 % av årleg omsetnad.

Kompetanseområde	Nærmare presisering
Delkontrakt 1: Veg og entreprisar	Entrepriseprosjekt knytt til vegbygging, bygg og anlegg. NS-standardar, prosesskodar, rammeavtalar med meir.
Delkontrakt 2: IT-anskaffingar	Særleg produkt- og systemanskaffingar, relevante SSA-avtalar, rammeavtaler, tenestekjøp med meir
Delkontrakt 3: Vare- og tenesteanskaffingar	Generelle vare- og tenesteanskaffingar, rammeavtaler, enkeltkjøp, relevante SSA-avtalar med meir

Det er mogleg å levere inn tilbod på ein, fleire eller alle delkontraktane. Det må komme tydeleg fram av tilbodet kva del som høyrer til dei ulike delkontraktane. Det er ikkje mogleg å levere alternative tilbod.

Rammeavtalene kan nyttast ved høg arbeidsbelastning og ved behov for ekstra kapasitet. Kva einingar som nyttar rammeavtalen, vil derfor variere noko. Oppdragsgjevar kan på visse områder vere dekka av andre rammeavtalar når det gjeld slike tenester. Oppdragsgjevar står då fritt til å nytte desse.

2.2 Om einingane i rammeavtalane

Fleire einingar hjå oppdragsgjevar har eigne fagmiljø for innkjøp og vil nytte rammeavtalen i ulik grad. Dette gjeld mellom anna Skyss, Innkjøpsseksjonen, NDLA, Infrastruktur og veg, Eigedomsavdelinga og Bybanen AS.

Einingane har ulike arbeidsområde og dermed nokre særskilde behov som skildra nedanfor.

Infrastruktur og veg har ansvar for vegbygging, samt drift og vedlikehald av fylkesvegane. Vegbygging inngår hovudsakleg entreprisekontraktar baserte på prosesskoden til Statens vegvesen og nyttar eigne malar for gjennomføring av konkurransar. Dei nyttar og konkurransegrunnlagsmalar baserte på NS 8406 og NS 8407, i tillegg til prosesskodar. Drift og vedlikehald nyttar både rammeavtalar og entreprisekontraktar, og malane er baserte på arbeidsskildringane til Statens vegvesen. Det er forventa at leverandør nyttar desse malane.

Skyss er den einiga i VLFK som har ansvaret for den offentlege mobilitets- og kollektivtrafikken i fylket. Dei gjennomfører konkurransar og tildeler kontraktar for køyring av buss, bybane, båt og ferjer. I tillegg har Skyss ansvar for å planleggje og vidareutvikle linjenettet og rutetilbod, skoleskyss, utvikle kombinerte mobilitetstenester, og marknadsføring og informasjon av reisetilbod og kundeløysningar. Meir informasjon om Skyss finn du på www.skyss.no.

Eigedomsavdelinga har ansvar for utbygging og forvaltning, drift og vedlikehald av eksisterande bygg. Avdelinga gjennomfører hovudsakleg entreprisekonkurransar baserte på standardane NS 8401, NS 8402, NS 8405, NS 8406 og NS 8407. Dei gjennomfører også anskaffingar innan forvaltning, drift og vedlikehald, rammeavtalar for handverkartenester og kjøp av delar/utstyr til bygg og anlegg. Avdelinga nyttar eigne malar for gjennomføring av konkurransar, og det er forventa at leverandør nyttar desse. Bybanen Utbygging er no ein del av Eigedomsavdelinga hjå VLFK.

Innkjøpsseksjonen gjennomfører i hovudsak konkurransar som dekkjer behov på tvers av heile fylkeskommunen. Dette omfattar særleg kjøp av tenester, varer og IT-system. Seksjonen forvaltar mange rammeavtalar og nyttar i hovudsak eigne malar. Kravspesifikasjonar, prisskjema og kontraktsvilkår blir likevel tilpassa kvar enkelt konkurranse. Ved IT-anskaffingar vert SSA-avtalene brukt i stor grad. For avtalane som dekker behov på tvers, er det mykje arbeid knytt til avtaleimplementering.

NDLA sine anskaffingar er ofte innan IT og omfattar mellom anna digitale løysingar for kommunikasjon, tenester, system og skytenester. Porteføljen omfattar både rammeavtalar, serviceavtalar, prosjektanskaffingar og enkeltanskaffingar. NDLA samarbeider tett med innkjøpsseksjonen i Vestland fylkeskommune og nyttar dei same malane og arbeidsprosessane.

Bybanen AS gjennomfører i hovudsak konkurransar innan vedlikehald av Bybanen sin infrastruktur, konsulenttenester og innkjøp av både større og mindre køyretøy til skinne- og vegdrift.
Selskapet nyttar eigne malar for gjennomføring av konkurransar, og det er forventa at leverandøren nyttar desse.

IKT og Digitalisering har mellom anna ansvar for drift og forvaltning av fylkeskommunen sine ikt-system og infrastruktur. Dei jobbar med prosjektstyring, systemutvikling, kunstig intelligens og digital transformasjon. Dei skal sikre og bidra til at IKT-systema til ei kvar tid har riktig kapasitet, oppetid og teknisk sikring. Dei får i hovudsak bistand frå innkjøpsseksjonen til å gjennomføre anskaffingar. Det vil ofte vere rammeavtalar for IT-infrastruktur, produktanskaffingar, systemanskaffingar, programvare og kjøp av personleg IT-utstyr. I hovudsak nyttast våre interne malar, men desse vert komplettert med SSA-avtalar (spesielt ved systemanskaffingar).

3. OVERORDNA SKILDRING AV LEVERANSEN

Det viktigaste tenesteområdet i rammeavtalen er:

- Operativ bistand ved gjennomføring av innkjøp, inkludert juridisk og strategisk rådgjeving.

I tillegg kan avtalen omfatte:

- Strategisk rådgjeving innan innkjøp
- Rådgjeving om implementering og oppfølging av kontraktar
- Opplæring og kurs innan innkjøp
- Anna innkjøpsfagleg bistand

Oppdragsgjevar gjennomfører anskaffingar etter regelverket for både klassisk sektor og forsyningssektoren.

Oppdragsgjevar ønskjer leverandørar som er fagleg oppdaterte og som bidreg til å ivareta omsyn til miljø, innovasjon, gode arbeidsforhold og sosiale forhold.

Behovet for bistand kan variere mykje gjennom avtaleperioden. Det er derfor vanskeleg å anslå omfanget av rammeavtalen, sidan dette mellom anna vil avhenge av budsjett, prioriteringar og tilgang på interne ressursar. Leverandørane må ta høgd for at behovet både kan auke og bli redusert.

Det kan oppstå behov for at éin eller fleire ressursar arbeider hos oppdragsgjevar i korte eller lengre periodar, i enkelte tilfelle i opptil full stilling. Vestland fylkeskommune har kontor i Bergen sentrum, Førde og i Leikanger, medan Bybanen AS held til på Kokstadflaten.

Oppdragsgjevar har eigne juristar som gir juridisk rådgjeving innan innkjøp når det er kapasitet til det. I tillegg har oppdragsgjevar rammeavtale med advokatfirma for juridiske tenester. I enkelte tilfelle kan det likevel vere føremålstenleg at leverandøren av innkjøpstenester også bidreg med juridisk rådgjeving. Oppdragsgjevar vurderer i kvart enkelt tilfelle korleis behovet for juridisk bistand best kan løysast.

Oppdragsgjevar nyttar òg av og til eksterne konsulentar innan særskilde fagområde, til dømes mobilitet. Dersom slike konsulentar også har kompetanse innan innkjøp, og det er føremålstenleg å avgrense talet på involverte ressursar, tek oppdragsgjevar atterhald om å nytte desse konsulentane til innkjøpsfagleg bistand.

3.1 Operativ bistand til gjennomføring av innkjøp

Oppdragsgjevar kan ha behov for operativ bistand til gjennomføring av innkjøp når det manglar kapasitet eller nødvendig kompetanse internt. Omfanget av bistanden vil variere, og oppdraga kan bli utførte både sjølvstendig og i samarbeid med oppdragsgjevar.

Behovet for innkjøpsressursar vil variere over tid. Det kan vere behov både på kort og lang sikt, og for oppdrag av ulik varigheit. Oppdragsgjevar vil i kvart enkelt tilfelle vurdere om det er behov for at konsulenten arbeider hos oppdragsgjevar.

Bistanden kan omfatte alt frå enkel rådgjeving til leiing av heile innkjøpsprosessar. Oppdragsgjevar gjennomfører alt frå enkle anskaffingar under nasjonal terskel til større komplekse anskaffingar.

Det kan vere behov for bistand innan dei fleste anskaffingsområde. Dei mest aktuelle områda er likevel:

- varer og tenester, særleg innan IKT
- entreprisar, bygg og anlegg

Operativ innkjøpsbistand kan mellom anna omfatte:

- utarbeiding av konkurransedokument. Oppdragsgjevar nyttar hovudsakleg eigne malar, men også NS-standardar, SSA-avtalar og andre relevante standardavtalar
- strategisk rådgjeving om anskaffingar, til dømes val av prosedyre, konkurranseform og kontrakt
- gjennomføring av marknadsundersøkingar og marknadsdialog
- utarbeiding av behovsanalysar
- kvalitetssikring av prosessar og dokument
- mottak av tilbod på vegne av oppdragsgjevar
- kvalifisering av tilbydarar
- leiing av eller deltaking i forhandlingar
- evaluering av tilbod
- utarbeiding av innstilling til val av leverandør
- korrespondanse i samband med anskaffingsprosessar
- handtering av innsyns- og klagesaker på vegner av oppdragsgjevar
- arkivering og avslutting av konkurransar
- oppfølging av framdrift og koordinering av anskaffingsprosessen for å sikre at fastsette tidsfristar blir haldne

3.2 Overordna strategisk rådgjeving knytt til innkjøp

Oppdragsgjevar kan ha behov for strategisk rådgjeving innan innkjøp. Dette kan omfatte både utvikling og implementering av strategiar, metodar og arbeidsprosessar.

Aktuelle oppdrag kan mellom anna vere knytte til:

- anskaffingsstrategi og planlegging av konkurransar

- kontrakts- og leverandøroppfølging, inkludert leverandørutvikling
- kategoristyring
- digitale verktøy og støtteverktøy for innkjøp
- utvikling av innkjøpsfunksjonen, inkludert benchmarking og samanlikning med beste praksis
- marknadsanalysar

3.3 Tenester knytt til kontraktsimplementering

Oppdragsgjevar kan ha behov for bistand i samband med implementering av nye avtalar.

Aktuelle oppgåver kan mellom anna vere:

- utarbeiding av plan for innføring av nye avtalar
- prosjektleiing ved implementering av avtalar
- oppfølging av leverandørar og brukarar i kontraktsperioden
- etablering av rutinar for kontroll, oppfølging og rapportering
- bistand til å sikre at avtalar blir tekne i bruk på ein god og effektiv måte

3.4 Opplæring og fagleg oppdatering

Rammeavtalen skal òg omfatte opplæring og fagleg oppdatering innan offentlege anskaffingar.

Hovudleverandør bør tilby minimum 2 faglege oppdateringar med varigheit 1-2 timar per seanse per år. Val av tema, tidspunkt og form, skal avtalast i avtaleperioden. Leverandør må kunne tilby dette både digitalt og som del av fysisk arrangement. Dette skal vere inkludert i rammeavtalen, men eventuelle reisekostnader ved fysisk arrangement vert dekt etter avtale. Oppdragsgjevar skal få moglegheit til å delta på hovudleverandør sine fagtreff, om ønskjeleg og som foredragshaldar på hovudleverandør sine fagtreff.

Fagleg oppdatering: aktuelle oppgåver kan mellom anna vere:

- planlegging og gjennomføring av foredrag innan relevante tema
- faglege innlegg, workshops og seminar innan anskaffingsområdet

Det er også ønskeleg at hovudleverandør kan tilby opplæringskurs for tilsette hjå oppdragsgjevar. Dette vil verte dekt ved timepris eller ein fastsum per kurs per deltakar.
Opplæring: aktuelle oppgåver kan mellom anna vere:

- planlegging og gjennomføring av grunnleggande opplæring
- utvikling og oppdatering av kursmateriell

3.5 Anna innkjøpsfagleg bistand

Rammeavtalen kan òg omfatte annan innkjøpsfagleg bistand som naturleg høyrer saman med tenestene som er omfatta av rammeavtalen.

Aktuelle oppgåver kan mellom anna vere:

- oppdatering og revisjon av malar, rutinar og styringsdokument
- vidareutvikling av verktøy og støttemateriell for innkjøpsarbeidet
- anna fagleg bistand innan anskaffing og kontraktsoppfølging

4. KRAVTYPAR

Heile konkurransen er å anse som krav det skal svarast på. Dette betyr at oppdragsgjevar føreset at tilbyder set seg inn i alle delar av konkurransedokumenta.

Absolutte krav (A[1])	Kravet MÅ tilfredsstillast ved tilbodsfrist. Tilbod som ikkje tilfredsstiller MÅ-krav kan bli avvist. Kravet vert vurdert som oppfylt/ikkje oppfylt og vert ikkje poengsett.

5. GENERELLE KRAV TIL LEVERANSEN

Krav nr.	Oppdragsgjevars krav	Kravtype
	Gjennomføring av oppdrag	
1.	Tenestene skal utførast med vekt på godt samarbeid, effektive prosessar og inngåing av gode avtaler.	A1
2.	Konsulentane som blir tilbydde under rammeavtalen, skal kunne snakke og skrive flytande norsk, med mindre anna er avtalt for det aktuelle oppdraget.	A1
3.	Skriftlege leveransar skal kunne leverast på nynorsk, bokmål og engelsk.	A1
4.	Leverandør skal som hovudregel nytte oppdragsgjevar sine malar ved gjennomføring av konkurransar når oppdragsgjevar ønskjer det. På fleire område har oppdragsgjevar eigne tilpassa malar som ein ønskjer å vidareføre og byggje på.	A1
5.	Leverandør skal følgje oppdragsgjevar sine interne retningslinjer, rutinar, mål og strategiar, og tilpasse tenestene til behova i den aktuelle eininga.	A1
	Verktøy og arbeidsmetodikk	
6.	Leverandør må rekne med å nytte oppdragsgjevar sitt konkurransegjennomføringsverktøy (KGV), som per i dag er TendSign, ved gjennomføring av konkurransar. VLFK vil få eit nytt KGV i løpet av 2027. Anna kan avtalast for det enkelte oppdraget. Leverandør skal sjølv bere eventuelle kostnader til opplæring i systemet.	A1

Krav nr.	Oppdragsgjevars krav	Kravtype
7.	Leverandør skal, etter avtale med oppdragsgjevar for det enkelte oppdraget, oppdatere dei dokumentarkiva som til kvar tid er i bruk.	A1
8.	Leverandør må kunne kommunisere med oppdragsgjevar via videokonferanse, Teams, e-post og telefon.	A1
	Informasjonssikring	
9.	Leverandør må ha nødvendig IT-infrastruktur for å utføre oppdraget og eit tilfredsstillande system for informasjonssikring. Leverandøren skal òg ha sikre løysingar for lagring og sikkerheitskopiering av dokument.	A1
10.	Dersom leverandøren i samband med oppdraga behandlar personopplysningar på vegner av oppdragsgjevar, skal partane inngå databehandlaravtale i samsvar med GDPR artikkel 28 før slik behandling tek til. Databehandlaravtalen er lagt ved konkurransegrunnlaget.	A1
11.	Bruk av kunstig intelligens (KI) Leverandøren kan ikkje bruke kunstig intelligens (KI) til å behandle opplysningar eller materiale frå oppdragsgjevaren utan skriftleg samtykke frå oppdragsgjevaren. Dersom samtykke blir gitt, skal leverandøren: • berre bruke KI-verktøy som er eigna for profesjonell bruk og som gir tilstrekkeleg vern av data og informasjon • ikkje nytte oppdragsgjevaren sitt materiale til trening, testing eller vidareutvikling av KI-modellar • avgrense deling av informasjon til det som er nødvendig for den aktuelle oppgåva • så langt som mogleg fjerne eller anonymisere personopplysningar før bruk • på førespurnad opplyse om kva KI-verktøy som er nytta Oppdragsgjevaren kan når som helst avgrense eller forby bruk av KI i oppdraget. Bruk av KI fritar ikkje leverandøren frå ansvaret for kvaliteten på leveransen. Resultat frå KI skal kvalitetssikrast av leverandøren før dei blir nytta i oppdraget.	A1
12.	Tilbakelevering og sletting	A1

Krav nr.	Oppdragsgjevars krav	Kravtype
	Ved avslutning av oppdraget skal leverandøren utan ugrunna opphald levere tilbake alt materiale som er motteke eller utarbeidd som del av oppdraget. Leverandøren skal seinast 30 dagar etter oppdraget er avslutta slette eller på annan måte gjere utilgjengeleg all informasjon, dokumentasjon, arbeidsnotat, analysar, utkast, kopiar og anna materiale knytt til oppdraget som leverandøren oppbevarer, med mindre vidare oppbevaring følgjer av lov eller er skriftleg avtala mellom partane. Kravet omfattar også informasjon som er behandla i KI-verktøy, skyløysingar eller hos underleverandørar. På førespurnad skal leverandøren skriftleg stadfeste at tilbakelevering og sletting er gjennomført.	
	Personell	
13.	Leverandør skal ha ein kontraktsansvarleg som er fast kontaktpunkt for oppdragsgjevar.	A1
14.	Leverandøren skal ha kapasitet til å kunne prioritere oppdragsgjevar og tilboden kompetanse skal vere tilgjengeleg i avtaleperioden.	A1
15.	Kontraktsansvarleg skal syte for at oppdraga blir løyst med god kvalitet og til rett tid. Så langt det er mogeleg, skal oppdragsgjevar kunne velje kva ressurs som skal utføre det enkelte oppdrag ut frå tilbodne ressurs-miljø.	A1
16.	I enkelte avrop kan oppdragsgjevar i samband med leverandør avtale ein opplæringsperiode for juniorkonsulentar med redusert kostnad. Partane kan i det enkelte avrop avtale ein avgrensa opplæringsperiode der leverandøren dekker ein del av kostnadene som del av sin eigen kompetansebygging. Omfanget og varigheita av ein slik ordning avtales mellom partane i samband med avropet.	A1

6. TILDELINGSKRITERIUM: KOMPETANSE OG ERFARING (40%)

Leverandøren skal tilby eit ressursmiljø på minimum 5 konsulentar og maksimum 8 konsulentar per delkontrakt. Ressursmiljøet skal samla dekke kompetanseområda som er omfatta av delkontrakta.

Det er desse konsulentane som vil inngå i evalueringa av tildelingskriteriet kompetanse og erfaring.

Ved avrop skal leverandøren nytte konsulentar frå det evaluerte ressursmiljøet. Utskifting av konsulentar kan berre skje i samsvar med vilkåra satt i avtaledokumentet punkt 7.2.

Ein eller fleire konsulentar kan bli tilbydd innanfor fleire fagområde, men ressursmiljøet skal samla sett ha relevant kompetanse og erfaring innan dei sentrale fagområda som er omfatta av delkontrakta.

Leverandør vil bli evaluert på den heilskaplege kompetansen som vert tilbudd. Konsulentane i ressursmiljøet vert vurdert ut frå dokumentert erfaring, kompetanse og relevans mot tenestene og fagområda som skal dekkast innanfor gjeldande delkontrakt. Her i prioritert rekkefølgje:

- Leiing av anskaffingsprosessar
- Bistand i anskaffingsprosessar
- Strategisk rådgjeving
- Kompetansehevingstiltak, som leiing av fagseminar og kurs
- Alt vert vurdert opp mot fagområda i gjeldande delkontrakt og behovet som er skildra i punkt 3.

Leverandør skal nytte vedlagt mal for CV ved innlevering av tilbod. Den enkelte CV skal vere på maksimalt tre A4-sider. Skrifttype Roboto Light, linjeavstand 1,0 og skriftstørrelse 11.

7. TILDELINGSKRITERIUM: LØYSING AV OPPDRAG (20%)

Leverandør skal fylle ut Vedlegg B – Leverandør si skildring som svar på krava i Vedlegg A - kravspesifikasjon og levere dette saman med tilbodet.

Vedlegg B – Leverandør si skildring skal fyllast ut per delkontrakt. Dersom det vert gitt tilbod på fleire delkontraktar, skal det leverast eit Vedlegg B per delkontrakt og komme tydeleg fram kva delkontrakt skildringa gjeld.

Avrop vil ofte bli gjort i situasjonar der oppdragsgjevar har avgrensa kapasitet eller behov for ekstra ressursar. Det er derfor viktig at leverandøren har gode rutinar og arbeidsmetodar som sikrar effektiv avlasting for oppdragsgjevar.

Leverandøren skal skildre arbeidsmetodikk, organisering og kvalitetssikring av oppdrag utover dei generelle krava i punkt 5. Skildringa skal mellom anna vise korleis leverandøren sikrar tydelege roller og ansvar internt, og korleis samarbeidet med oppdragsgjevar sine representantar blir organisert når fleire fagområde eller profesjonar er involverte. Oppdragsgjevar vil vektlegge bruk av anerkjente prosjektleiingsmetodikkar, effektiv og riktig bruk av ressursar og god kompetansestyring.

Punkt 2 gir ei oversikt over dei ulike einingane hos oppdragsgjevar, inkludert marknadsområda dei arbeider innanfor og bruken av standardiserte arbeidsmåtar. Leverandøren skal skildre korleis eigne rutinar og arbeidsmåtar støttar opp under oppdragsgjevar sin bruk av malar, standardar og etablerte arbeidsprosessar.

Skildringa for løysing av oppdraget skal vere på maksimalt fire A4-sider. Skrifttype Roboto Light, linjeavstand 1,0 og skriftstørrelse 11.

8. TILDELINGSKRITERIUM: PRIS: 40%

Leverandør skal fylle ut Vedlegg C – Prisskjema og levere dette saman med tilbodet.
Prisskjema gjeld uavhengig av kva delkontrakt tilbodet omfattar.